

Evakueringskommisjonen i Tromsø

Kommisjonens arbeid, forholdet til NS-styret og gjennomføringa av det praktiske arbeidet under evakueringa

Tvangsevakueringa av Finnmark og Nord-Troms var blant dei mest dramatiske og tragiske hendingane på norsk jord under andre verdskrig. Om lag 50 000 vart tvangsevakuerte, og om lag 25 000 stakk av frå tyskarane og gøymde seg i gammar og høler. Eit område som var nesten halvanna gong så stort som Danmark vart jamna med jorda. Alle bygg vart brent, og bruer og kaiar vart sprengd. Midt i øydelegginga av ein heil landsdel, og borttransportering av om lag 50 000, stod evakueringskommisjonen, med evakueringssjef Ragnar A. Hansen, og denne artikkelen skal gi eit oversyn over arbeidet til evakueringskommisjonen. Her er det særleg tre faktorar som er interessante: Kva gjekk arbeidet til evakueringskommisjonen ut på, og kor mykje handlingsrom hadde dei? Korleis var forholdet kommisjonen hadde til NS-styret, og kva hadde dette å seie for arbeidet og handlingsfridomen til kommisjonen? Og kven var det som tok seg av det praktiske arbeidet under evakueringa? Transport av evakuerte, innkvartering, matlaging og helsestell.

Evakueringskommisjonen i Tromsø var ikkje noko som vert oppretta då tvangsevakueringa byrja. Etableringa av denne kommisjonen var ein gradvis prosess, og i sentrum stod evakueringssjef Ragnar A. Hansen. Ragnar Hansen var eigentleg direktør for Grand hotell i Tromsø, men fekk allereie hausten 1943 ansvaret for å vere innkvarteringssjef for det sivile luftvern. Han vart utpeika til denne stillinga av politipresident Gard Herbjørn Holtskog, og var til å byrje med ikkje veldig nøgd med å få eit slikt ansvar. Kvifor Hansen vart utpeika til denne stillinga, kjem ikkje fram. Det er rimeleg å anta at Holtskog, eller andre, visste at Hansen hadde evne ein trong for ein slik jobb. Hansen godtok likevel stillinga med atterhald om at han ikkje ville ta i mot nokon form for betaling for jobben, slik at han kunne stå heilt fritt. Etter å ha godtatt stillinga, byrja Hansen å organisera hjelpetenesta i Tromsø. Han skulle også sørge for mat og husly rundt om i distrikta, dersom ei katastrofe i byen skulle medføre at ein raskt måtte evakuera befolkninga i Tromsø.¹

¹ Ragnar A. Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.», (1946), s. 1.

I desember 1943 kom det ein ordre frå det tyske militæret om evakueringa av kvinner, barn og gamle frå Tromsø. Hansen vart tilkalla av fylkesmannen, der han vart beden om å organisera evakueringa. Kva som var bakgrunnen for denne ordren, kjem ikkje fram. Dette protesterte Hansen på, og grunn gav det med at han ikkje ville ta på seg eit så stort ansvar som det var å skulle evakuera byen. Etter ei veke fann han likevel ut at dette «var en plikt mot mine medmennesker jeg ikke kunde undra meg». Hansen oppsøkte fylkesmannen mellom jul og nyttår, og fortalde at han ville ta på seg dette arbeidet. Føresetnadane for at han skulle gjere dette var at ingen skulle blande seg inn i det han bestemte over, og at han sjølv skulle velje medarbeidarar slik at ein unngjekk politiske motsetningar som kunne øydeleggje arbeidet. Dette gjekk fylkesmannen med på, og Hansen byrja med førebuingane. Fristen for gjennomføringa av første del av evakueringa vart sett til 1. mars 1944. Evakueringa av byen skulle gå føre seg i tre omgangar. I første omgang skulle kvinner med barn under 14 år, eldre personar over 70 og alle sjuke og svake evakuerast. Andre omgang omfatta kvinner med barn over 14 år, saman med alle personar som ikkje var naudsynt for å halde arbeidslivet i gong. I tredje omgang skulle alle kvinner og menn som ikkje hadde teneste i politi eller luftvern evakuerast.²

I følgje Hansen kunne det verke som at det viktigaste for tyskarane på nyåret 1944, var å få evakuert Tromsø. På eit stormøte i Reichkommissariat (RK) den 6. januar vart denne haldninga til evakuering svært synleg. Her spurde Hansen om det var komen nokon skriftleg ordre frå ein eller anna høgare instans. Det einaste som var komen var ein ordre frå generalen for divisjon Moen-Målselv. Det vart påpeika av Hansen at ein slik ordre burde vore verifisert av Generalkommando, og av RK i Oslo. Dette medførte at møtet vart heva, og laurdag 8. januar kom beskjeden om at evakueringsordren for Tromsø ikkje kunne godtakast. Dei kommunale myndigheiter og fylkesmannen fann ut at det likevel var fordelaktig å opprette eit evakueringskontor, og at ein utarbeidde ein plan for evakuering av byen.³

Etter at ein hadde etablert evakueringskontoret, gjekk den første tida med til å få ein oversikt over befolkninga i Tromsø. Ein fekk tal frå Folkeregisteret, og ein sende ut spørjeskjema til familiar i luftvernkretsane. Opplysningane som ein henta inn vart systematisert i kartotek kort. Då alle korta var ajourført, vart kvar person plassert i tilhøyrande gruppe, som anten var første, andre eller tredje gruppe. Desse gruppene var nok det same som første til tredje gruppe når Hansen organiserte evakueringa av Tromsø. Ein byrja deretter arbeidet med

² «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 1. Gunnar Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945* (Tromsø: Tromsø kommune, 1995), s. 544.

³ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 1-2.

distriktskartoteka, der ein utifrå oppgaver levert av ordførarane rundt om i fylket, laga ei oversikt over kor mange personar kvar gard kunne ta i mot. Dei fleste hadde sjølv funne seg ein plass å evakuera til, noko som forenkla arbeidet med å plassera folk. Då ein var ferdig med arbeidet med evakueringas første omgang, vart det gitt informasjon om kvar alle skulle reise, kvar dei skulle møte og kva tid ein skulle vere der. Alle gardane i distriktet vart også informert om kven som eventuelt skulle bu der, og kva dei skulle gjere når dei kom.⁴

Evakueringskommisjonens arbeid og handlingsrom

Dei første evakuerte byrja å kome til Tromsø i september 1944, og dei fleste av desse kom frå Vardø og Vadsø etter at det hadde vore fleire russiske bombetokt mot byane.⁵ Dette var før ein sette i gong nokon form for organisert evakuering av Finnmark. Den 14. oktober starta den frivillige evakueringa av Finnmark, som norske NS-myndigheiter hadde fått ansvaret for. Ein prøvde å få folk til å reise frivillig med å lokke med ekstra tildeling av tobakk, klede og liknande. Ein prøvde også å bruke skremsler om kor farlege russarane var, og at det berre var daud og pine i vente for dei som vart att i Finnmark.⁶ Både tyske myndigheiter og norske NS-myndigheiter var overtydd om at dette ville få dei fleste sivilpersonar i Finnmark til å reise. Realiteten var at den frivillige evakueringa feila stort, då det var svært få som drog.

Dei første som kom til Tromsø i september sleit med å finne seg ein stad å bu før dei skulle reise vidare, og dei gjekk til politiet for å få hjelp. Det var vanskeleg å skaffe innkvartering fordi tyskarane hadde beslaglagd mange leilegheiter. Dette medførde at politikommandør Blom ringde Ragnar Hansen, og nærmast beordra Hansen til å ta seg av dei evakuerte. I følgje Hansen sjølv var han ikkje interessert i å blande seg borti dette før NS hadde gjort det dei kunne, fordi ein då kunne sjalte ut NS folk seinare. Svaret han gav til Blom var at dette ikkje hadde noko med Hansen å gjere, då hans ansvarsområde var å evakuera folk frå Tromsø, ikkje å ta i mot folk frå Finnmark. Han viste Blom til Nasjonal Samlings Hjelpeorganisasjon (NSH), og sa at det no var moglegheit for NSH å vise kva dei dugde til. NSH hadde rekvirert lokalane til Bangsund, men hadde ikkje reingjort lokala, så det var ingen som ville overnatte der.⁷

Om lag den 17. september vart Raude Kross innkalla til møte hos fylkesmann Marcus Bull, der det vart etablert eit samarbeid mellom NSH og Raude Kross. Onsdag 27. september trefte

⁴ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.» s. 2.

⁵ Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 544.

⁶ Knut Einar Eriksen og Terje Halvorsen, *Frigjøring* (Oslo: Aschehoug, 1987), s. 42-43.

⁷ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.» s. 3.

Hansen formannen for Raude Kross, Johannes Ellis,⁸ som spurde om Hansen ville hjelpe til med arbeidet for dei evakuerte. Han svara at han kunne ta på seg arbeidet sidan førespurnaden kom frå Raude Kross, men føresetnaden var at NSH ikkje skulle vere ein del av det vidare samarbeidet. Seinare på dagen møttest dei to på kontoret til fylkesmannen der ein vedtok at evakueringskontoret og Raude Kross skulle overta alt arbeidet, og at NSH ikkje skulle vere ein del av dette. Dermed hadde Hansen fått sjalta ut NS-folka.⁹

Etter eit par dagars samarbeid, viste det seg at det var upraktisk å dele på arbeidet. Då overførte Hansen alle funksjonar over til evakueringskontoret, slik at Raude Kross heller ikkje var direkte involvert i evakueringsarbeidet. Frå om lag 1. oktober hadde evakueringssjefen heile ansvaret. For å ta seg av dei evakuerte raskast mogleg, vart fleire lokalar rekvirert til innkvartering. Etter at evakueringskontoret hadde overtatt arbeidet, viste det seg at verken NSH eller Raude Kross hadde gjennomført registrering av dei evakuerte som kom. Etter at ein hadde fått innhenta ein del informasjon, viste det seg at 500 personar hadde vore innom Tromsø fram til 1. oktober.¹⁰

Hansen hadde fleire møte med rådmannen, der det vart vedtatt av ordføraren at Tromsø kommune ved evakueringssjefen skulle stå for mottaking, mat og innkvartering av evakuerte i Tromsø. Dette vart vidareformidla til fylkesmannen. Ein gjekk no i gong med fleire tiltak for å leggje best mogleg til rette for dei evakuerte. Fleire av byens kaffistover og resturanter vart pålagde å lage mat, og kvar dag fekk desse melding om kor mykje mat dei skulle lage dagen etter. Arbeidspresset auka stadig. Det gjekk ikkje lang tid før ein såg at transportane nordfrå var overbelasta, og at folk var svært plaga av lus. Dette medførde at avlusingsanstalten på lasarettet var i arbeid frå tidleg morgon, til langt utpå kvelden. Russarane auka trykket ved Kirkenes, og tyskarane trekte seg tilbake. Frå Kirkenes-området vart folk send med bilkolonnar til Tromsø, og det gjekk ikkje lang tid før arbeidet gjekk heile døgnet på evakueringskontoret. Ein måtte raskt skaffe fleire innkvarteringsmoglegheiter, og dette var berre mogleg ved å rekvirera offentlege lokale. Privatpersonar i byen var allereie stua trongt nok saman på grunn av innkvartering av tyske soldatar. Då dei først bilkolonnane hadde levert sine passasjerar, måtte ein rekvirera kaffistover og resturanter for innkvartering fordi lokala ein hadde allereie var fulle.¹¹

⁸ Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 545.

⁹ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 3-4.

¹⁰ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 4-5.

¹¹ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 5.

Rundt den 14. oktober var det opptil 200 evakuerte i byen, og på evakueringskontoret tykte ein at situasjonen var veldig vanskeleg. Medan det framleis gjekk ganske mange ordinære bussruter og hurtigruteskip, fekk ein etter kvart send folk sørover slik at det ikkje hopa seg opp i Tromsø. Det var likevel tydeleg at ein snart måtte få på plass egne evakueringsbåtar, då det var vanskeleg å kombinera ei større evakuering med vanleg skipstrafikk. Arbeidet med å få dette på plass vart gjort av dampskipskonsulentanes representant ved evakueringskontoret, Conrad Rye-Holmboe.¹²

14. oktober vart Ragnar Hansen kalla inn til møte hos fylkesmannen, der òg sosialminister Johan Andreas Lippestad og ingeniør Christian Preuthun var til stades. Christian Preuthun var ein sentral mann i NS. Han var til dømes representant for næringsdepartementet, ved berging av forsyningar og materiell, på ein tur til Kirkenes den 11. oktober 1944. Det var på eit møte den 10. oktober, med næringsminister Alf Larsen Whist, at Preuthun vart utpeika som representant. Både politiminister Jonas Lie og Lippestad var med på denne turen, der desse skulle orienterast om situasjonen i Kirkenes og Aust-Finnmark.¹³ Møtet vart leia av Lippestad, og det kom klart fram kva som hende i Finnmark. Lippestad innleia møtet med å seie at tyskarane kravde at Finnmark skulle evakuerast, men at evakueringa skulle vera frivillig. Alle måtte hjelpe til, uansett politisk innstilling, med mottakinga av dei tusenar med menneske som måtte passera Tromsø. I følgje Hansen var dette særleg retta mot han, då han ikkje ville samarbeide med NSH.¹⁴

Den 14. oktober hadde ein også hatt det første evakueringsmøtet mellom norske og tyske myndigheiter i Indre Billefjord. Her vart det mellom anna informert om at det no var naudsynt med ei frivillig evakuering av Finnmark. Det kan sjå ut til at det var viktig for Lippestad å få informert Hansen om situasjonen, då desse to hadde møte same dagen.

På møtet i Billefjord vart det sett opp ei prioriteringsliste for kven som skulle evakuera først. Dei første var NS-medlem og deira nærmaste, deretter kom dei som var tyskvenlege. Den siste gruppa var dei som ville evakuera frivillig. Det var to grupper som måtte vere igjen heilt til slutt. Den første gruppa var dei stridsdyktige som arbeida for dei militære. Den andre gruppa var dei

¹² «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 5.

¹³ «RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5.,», 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

¹⁴ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 8.

personane som den sivile evakueringsleiinga trong til administrative formål. Desse gruppene skulle trekkje seg tilbake saman med dei tyske militære.¹⁵

I ein rapport om evakueringa i Finnmark og Nord-Troms til Vidkun Quisling, som vart godkjent av Jonas Lie og Johan A. Lippestad, kan ein lese om ein tur Ragnar Hansen hadde til Skaidi den 13. oktober 1944, saman med NS-folk. I tillegg til Hansen var fylkesmann Tor Bekeng, ordførar i Tana, Anders Olsen og propagandaleiar Erichrud¹⁶ med på denne turen. Det kjem ikkje fram kva Hansen gjorde der, utanom at han skal ha rekvirert bilen til Næringsdepartementet sin representant for trafikkspørsmål, Wiborg Thune.¹⁷ Det interessant ved denne turen, er at Hansen ikkje nemnar den i sin eigen rapport. Kvifor skriv han ikkje om denne turen til Skaidi? Kva var det som hende der, eventuelt kva var det som ikkje hende der, som gjorde at han ville utlate det? Ei mogleg forklaring er at Hansen var der i lag med NS-folk, og at dette ikkje tok seg så godt ut i ein rapport skriven av ein som prøvde å vise at det gjekk eit skilje mellom seg sjølv og NS. Både fylkesmann Bekeng og fylkespropagandaleiaren i Finnmark, som mest sannsynleg var propagandaleiar Erichrud, var på det første evakueringsmøtet i Indre Billefjord dagen etter, den 14. oktober.¹⁸ Eit spørsmål som då reiser seg, er om Ragnar Hansen også var med på dette møtet? Det ville ha vore eit stramt tidsskjema for Hansen, då han også vart orientert om dette møtet av Lippestad i Tromsø den 14. oktober, men det hadde kanskje vore mogleg. Kjeldene er også svært sparsommelege med informasjon om kven som deltok på møtet i Indre Billefjord, så det er vanskeleg å seie noko sikkert.

Det vart gjort klart på møtet i Tromsø den 14. oktober at Preuthun var komen for å dirigera evakueringsarbeidet i byen I følge Hansen sjølv så avbraut han Preuthun idet han las opp retningslinjene ein skulle arbeide etter, og sa at dette var noko han ikkje trong å høyre noko meir om. Evakueringskontoret hadde allereie eit fungerande apparat som kunne utvidast når Finnmark skulle evakuerast. Hansen kravde òg ansvaret for transporten til Tromsø frå Alta, Burfjord og Hammerfest, og mat og innkvartering i Tromsø. Hansen sitt ansvar for dei evakuerte slutta når dei var avlevert i Trondheim, Mosjøen, eller stader som låg i mellom. Lippestad svara «Gud bevare meg mann, er De klar over hvad De sier, og hvilket forferdelig

¹⁵ Wilhelm Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring,» (Oslo: <W. Fosnes>, 1974), s. 24.

¹⁶ «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring,» s. 23.

¹⁷ «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1945 s. 25-26

¹⁸ «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring,» s. 23.

ansvar De påtar Dem??» Ja, var svaret frå Hansen, etterfølgd av at han ikkje godtok nokon form for innblanding. Dette vart godtatt av Lippestad.¹⁹

Vidare på møtet vart det bestemd at fiskeriinspektør Fritz Posti skulle stå for rekvisisjon av kuttarar, og større skip vart rekvirert av fylkesmann Bull. Desse fartøya skulle disponerast av Hansen. Direktør Trygve Sundt hadde ansvaret for lokalskipa. Conrad Rye-Holmboe hadde ansvaret for større båtar og kuttarar, og organisering av mindre kuttarar fekk meklar Bertram Dybwad-Holmboe ansvaret for.²⁰

Det var no to NS-folk på evakueringskontoret. Fiskeriinspektør Fritz Posti og økonomisjef Harald Figenschow. Hansen ville ha minst mogleg å gjere med NS-folk, og sette i gong følgjande tiltak: Etter at fiskeriinspektør Posti hadde rekvirert eit fartøy, så skulle dette berre disponerast av Hansen, og dermed var Posti ute av bilete. Økonomisjefen skulle utferda sjekkar til kassakontora som etter kvart vart oppretta. Kvart kontor skulle føra eit rekneskap, og sende ei revidert utgåve til økonomisjefen. På den måten vart også han sjalta ut.²¹

Arbeidsmengda tok seg opp utover i oktober etter kvart som straumen med evakuerte frå Aust-Finnmark auka. Folk kom med skøyter og båtar heile døgnet, og alle som arbeidde med mottaking av dei evakuerte, måtte vera på kontora sine natt etter natt. Apparatet vart bygt opp etter kvart som behovet kom, og det vart stadig overbelasta. Kvar gong nokon vart overarbeidd, måtte vedkommande sjølv skaffe seg hjelp. Einaste kravet som vart sett, var at personen ikkje skulle vere medlem av NS. Dette vart ikkje tatt så veldig godt i mot av fylkesføraren. Han sende Hansen ein skriftleg ordre om at to av fylkesførarens menn skulle jobbe for Hansen i stillingane som ekspeditør og kontrollør. Då fylkesmann Bull kom med ordren til Hansen, trua Hansen med å forlate stillinga som evakueringssjef saman med alle sine medarbeidarar. På denne måten unngjekk han å få fleire NS-folk inn i organisasjonen.²²

Det viktigaste arbeidet var å skaffe transportmiddel. Evakueringskontoret klarte å skaffe seg ein flåte på 17 lokalskip frå Nordland, Troms og Trondheimsområdet. I tillegg hadde ein skaffa om lag 256 kuttarar av vanleg storleik, og om lag 12 store fraktekuttarar, saman med tre til fire lastebåtar.²³

¹⁹ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 8-9.

²⁰ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 9. Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 547.

²¹ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 9.

²² «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 9.

²³ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 10.

Etter eit møte med Rye-Holmboe og direktør Sundt i slutten av oktober, stoppa Hansen evakueringstransporten. Dei meinte at den frivillige evakueringa av Finnmark var gjennomført etter at 3 000 personar hadde passert Tromsø. Hansen sende ikkje fleire fartøy nordover, før situasjonen var avklart. På eit møte med fylkesmann Bull den 31. oktober gjorde Hansen det klart at det ikkje ville vere aktuelt å sende fleire skip nordover før det var heilt klart at Finnmark skulle tvangsevakuera. I følgje Bull var det på dette tidspunktet ingen norsk myndigheit som var informert om tvangsevakuering av Honningsvåg og Hammerfest, før ein kl. 13.10 same dagen fekk eit telegram frå ordførar Peder Jonas Berg i Hammerfest. Her kom det fram at Hammerfest skulle tvangsevakuera.²⁴

Kl. 16 den 31. oktober var Hansen i eit møte med statsadvokat (statsadvokat) Hannes Wehl i RK. Her informerte Hansen om at han såg på den frivillige evakueringa som fullført, og at det ikkje var aktuelt å sende ein einaste båt nordover før han hadde full oversikt over situasjonen. Wehl viste då fram ordren om tvangsevakuering som var underteikna av Josef Terboven og Lothar Rendulic på Rundhaugen i Målselv.²⁵

No som ein visste kor omfattande dette ville verte, vart det klart at ein raskt måtte byggje opp ein svær organisasjon for å kunne ta i mot dei mange tusen som skulle passera Tromsø i november. For å ha alle moglegheiter, hadde Hansen tidlegare kravd uavgrensa fullmakter av Lippestad, slik at han kunne setje i gong alle naudsynte tiltak. Lippestad var litt motvillig fordi han meinte fullmakta var for vidtgåande, men sidan kravet var absolutt, fekk Hansen fullmakta si.²⁶

Evakueringskontoret sitt arbeid, kor mykje handlingsrom dei hadde og forholdet mellom evakueringskontoret og NS-styret er noko som er tett knyta saman. Arbeidsmengda og ansvarsområdet til evakueringssjef Ragnar Hansen og evakueringskontoret var noko som gradvis auka i løpet av 1944. Ut i frå det Hansen skriv sjølv i rapporten sin, er det ganske tydeleg at han heile tida gjorde det han kunne for å stå mest mogleg fritt i forhold til NS. I følgje Hansen sjølv så var han svært lite glad i NS, og i eit møte med Hannes Wehl skal Hansen ha sagt at han hata nazistar og alt som hadde med nazismen å gjere.²⁷ Han prøvar også å markera eit klart skilje mellom seg sjølv og evakueringskontoret, og NS. Dette vert ganske tydeleg med alle NS-folka han ville sjalte ut av evakueringskontoret. Hansen skreiv rapporten

²⁴ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 10.

²⁵ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 10. Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 548.

²⁶ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 12.

²⁷ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s.18.

sin i 1946, då ein hadde eit veldig svart/kvitt syn på kva folk gjorde under krigen. Ein var anten helt eller landssvikar, det var ingen mellomting. Som eg har vist ovanfor, så hadde Hansen mykje kontakt med NS-styret og NS-folk under etableringa av evakueringskommisjonen, men også under tvangsevakueringa. Eit døme på dette er dei daglege møta i evakueringskommisjonen. Frå den 9. november til rundt den 25. november hadde evakueringskontoret daglege møter for at sjefane for dei forskjellige avdelingane i kommisjonen skulle haldast ajour med kvarandre, og med leiinga. På desse møta var det alltid til stades NS-folk, og på dei fleste møta frå den 9. fram til den 20. deltok anten Lippestad eller Lie. Ved fleire møte var begge to til stades.²⁸ Eg seier ikkje at Hansen på nokon måte var ein NS-tilhengar, men hans forhold til NS er mykje meir nyansert enn det først kan sjå ut til. Desse nyansane skriv faktisk Hansen om sjølv og. Dette kjem eg tilbake til.

For at evakueringskontoret skulle ha moglegheit til å få gjort noko som helst, måtte dei ha noko med NS å gjere. Sjølv om Hansen ikkje skriv noko om det, så var han og evakueringskommisjonen nøydd til å ha eit samarbeid med NS for å få noko gjort. Ta til dømes Hansen sine uavgrensa fullmakter, som han fekk av Lippestad. Det kan sjølvsagt diskuteras kor mykje ei slik fullmakt ville hatt å seie ovanfor tyskarane, og når det kom til å få frigitt skip til evakueringstransport frå Tromsø og sørover, så var det ikkje mykje Hansen hadde å seie.²⁹ I forhold til norske NS-myndigheiter tydde nok ei slik fullmakt mykje. Ein kan også diskutera kor mykje ein kan kalle det eit samarbeid, då Hansen var veldig flink til å presse gjennom krava han hadde når NS var motvillige. Til dømes hadde Hansen eit møte med Lippestad og fylkesmann Bull den 8. november. Her spurde Lippestad om kvifor Hansen ikkje ville samarbeide med nazistar. Hansen svarar med at dersom nazistar vart trumfa inn i evakueringskommisjonen, ville funksjonærene forlate kontora. Deriblant Hansen.³⁰ Det å forlate arbeidet var noko evakueringssjefen truga med fleire gonger når han ikkje fekk innfridd krava sine. NS-styret var nok ikkje veldig lystne på å ta over arbeidet til evakueringskommisjonen, og det kan godt hende at erfaringa med NSH hang med. Eg vil likevel hevde at evakueringskommisjonens handlingsrom hadde vore mykje mindre, og at det hadde vore mykje vanskelegare å få gjort noko, dersom ein ikkje hadde hat eit forhold til NS.

Dei mest hektiske dagane for evakueringskontoret kom etter den 3. november. På ettermiddagen den 3. fekk Hansen ein haug med telegram om skip og båtar som anten var på veg til Tromsø, eller var klare til å gå. Han rekna ut at innan tysdag 7. november ville det ha

²⁸ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 24-52.

²⁹ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 13.

³⁰ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 23.

komen om lag 10 000 evakuerte til byen. Dette medførde eit kjempeproblem då ein ikkje hadde nokon skip å sende sørover, og dei fartøya som kom frå Finnmark måtte tømme lasta si og dra nordover igjen. Ein hadde då tre dagar på seg til å ordne innkvartering, mat og transport av bagasje for 10 000 personar. I tillegg skulle alle desse registrerast. I følgje Hansen gjekk oppbygginga utruleg fort, og at ein allereie laurdags kveld 4. november hadde klart å byggje opp organisasjonen, og at dei forskjellige avdelingane jobba for fullt då dei første kuttarane kom til hamna.³¹

Politikaptain Torbjørn Berg vart sett i arbeid hos Hansen av politipresident Gard Holtskog. Hansen var ikkje veldig glad for å få ein NS-mann inn i kommisjonen, men ville ikkje lage noko bråk om dette, då det kunne skade arbeidet. Han ville prøve å sjalpe ut Berg ved ein seinare anledning. Berg, saman med to andre menn Hansen hadde fått, etablerte politiavdelinga i evakueringskommisjonen. Deira oppgåve var å gå om bord i alle kuttarar og skip, registrera alle evakuerte, og tildela dei matkort og innkvarteringskort. Politiavdellingas mannskap bestod av luftvernets reservepoliti, saman med ein del personar som vart innkalla til denne avdelinga.³² Etter at folla hadde tatt med seg handbagasjen sin, skulle transportavdelinga ta hand om og lagre all anna bagasje. Dette vart gjort for at dei evakuerte lett skulle få tak i tingane sine medan dei var i Tromsø, og for at dei skulle få alt med seg igjen når dei reiste sørover. I følgje Hansen var det underleg at det ikkje vart registrert nokon ulykke frå dette arbeidet. Dei jobba i bekmørket, utan ein gong å kunne hjelpe seg med ei lommelykt. Det kom skip og skøyter inn i hamna heile tida, og ofte måtte personell frå avdelingane gå over 12-14 båtar for å kome til den siste. Så måtte dei ta med seg 40-50 evakuerte i alle alderar, i tillegg til sjuke og svake, tilbake same vegen. Det same med bagasjen.³³

Politiavdelinga delte lokalar med transportavdelinga, og det kan tenkjast at desse samarbeida tett. Sjølv om Hansen var negativ til politikaptain Berg i byrjinga, så snudde dette. Hansen skriv seinare i rapporten sin at han meinte at grunnen til at desse to avdelingane gjekk så bra som dei gjorde, var først og fremst det arbeidet Torbjørn Berg gjorde.³⁴ Det å få sjalpe ut Berg vart heller aldri tatt opp igjen av Hansen, og det kan sjå ut til at han vart ganske positivt innstilt til Berg.

³¹ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 13-14. Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 549.

³² Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 16.

³³ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 14.

³⁴ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 15.

I transportavdelinga var Oscar Husjord og Alfred M. Eilertsen sjefar. Eilertsen var bestyrer ved sjømannsskulen, og Husjord var lærar der. Dei fekk med seg elevane ved både sjømanns- og maskinistiskulen til transport og lagring av bagasje, og transportavdelinga fungera over all forventning. I løpet av november tok avdelinga i mot, lagra og vidaresende om lag 500 000 kolli, utan at nokon mista noko i Tromsø. Dette var ei eineståande bragd, særleg når ein tek i betraktning at mesteparten av godset var dårleg merka, eller ikkje merka i det heile.³⁵

Kven tok seg av det praktiske arbeidet?

Evakueringskontoret var på ingen måte åleine i arbeidet med dei evakuerte. I den mest hektiske perioden då flyktingstraumen frå Finnmark og Nord-Troms var som størst, hadde evakueringskontoret om lag 500 medarbeidarar i Tromsø by. Desse laga mat, sørgja for innkvartering, stod for transport av bagasje, helsestell og avlusing.

Innkvartering var eit problem, men sidan befolkninga i Tromsø var svært hjelpsame og hadde stor forståing ofr situasjonen til dei evakuerte, klarte ein å huse opptil 7 000 personar per dag. Det var ikkje mange som fekk seg ei seng, men alle fekk tak over hovudet og varme.³⁶ I tillegg til forsamlingshus, kyrkjer og skular som evalueringskommisjonen disponerte til innkvartering, hadde ein også 240 leilegheiter der eigarane var villige til å huse evakuerte.³⁷

Det vart laga mat i heile Tromsø by under evakueringa. På meieriet hadde ein to kjelar, der kvar var på 2 000 liter som ein brukte til matlaging. Sagatun og Kaffistova kunne lage mat til 500 personar. Overlegen ved Troms og Tromsø sjukehus, Atle Berg, skulle servera mat til 500 personar i ei brakke på sjukehuset, men det vart servert til om lag 1 000 per dag. Matsjefen var lærar Lunde med assistent, lektor Riksheim. Deira medarbeidarar var for det meste lærarinner frå høgskulen og folkeskulane. I følgje Hansen var det desse som sørga for at folk ikkje svalt i denne perioden. Dei evakuerte laga også mat sjølv der dei var innkvartert, dersom dei hadde moglegheit til det.³⁸

Det var mangel på helsepersonell i Tromsø hausten 1944. Allereie i midten av oktober hadde Hansen sendt eit telegram til myndigheitene i Oslo, og bede om å få sendt opp 50 sjukepleiarar raskast mogleg. Alle som kom frå Finnmark måtte avlusast i Tromsø, og ein trong eit par sjukepleiarar til å vere med dei store evakueringstransportane sørover. I følgje Hansen det var vanskeleg å få folk opp, då det var «unasjonalt» for sjukepleiarar å reise

³⁵ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 14-15.

³⁶ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 15.

³⁷ Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 550.

³⁸ Hansen, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 16 og 25.

nordover. Det kom til slutt fem sjukepleiarar frå Raud Kross. Heile 15 000 personar var send sørover før ein hadde fått på plass ei skikkeleg legeteneste i Tromsø. Overlege Atle Bergvar den einaste legen i Tromsø som såg elendigheita, og arbeidet han gjorde på denne tida hadde svært mykje å seie. Blant anna var det Atle Berg som fekk ordna med ein transport av 200 sjuke og gamle sørover, og han sørga for at denne transporten gjekk bra. Hansen hadde fleire gonger oppmoda fylkeslege Haagensrud som budde i Målselv om å kome til Tromsø, og organisera den medisinske avdelinga. Det gjekk ein heil månad før denne avdelinga var i drift, og den 14. november hadde fylkeslegen fått oppretta sitt medisinalkontor. Fylkeslegens arbeid var visstnok forholdsvis lett, då ein hadde oppretta legevakt ved lasarettet, der dr. Kjeang var sjef.³⁹

Ein kan kalle det som hende i Tromsø i november 1944 for ein kjempedugnad. Her hjelpte alle til for at dei evakuerte skulle få eit best mogleg opphald i Tromsø. Sjølv om dei 500 medarbeidarane vert nemnd kort av Hansen i rapporten, var desse veldig viktige. Det er vanskeleg å sjå for seg at evakueringskommisjonen hadde fått til alt dei gjorde i Tromsø utan desse.

Sjølve evakueringa av folk bort frå Finnmark og Nord-Troms, var det evakueringskommisjonen, NS-styret og befolkninga sjølv som gjorde. Det var NS som stod for evakueringskommisjonen i Finnmark, og NS arbeidde for å skaffe fartøy til evakueringstransport. Det var òg mange som drog med eigne båtar frå Finnmark.

Ordførar i Hammerfest, Peder Jonas Berg, var på møtet i Indre Billefjord den 14. oktober, og han fekk der ordre om å vere evakueringssjef for Vest-Finnmark. Dagen etter møtet i Billefjord, kalla Berg saman fleire tillitsmenn innanfor NS i Hammerfest for å drøfte evakuerings spørsmålet. Evakueringsleiarane for Vest-Finnmark var oppnemnd på dette møtet.⁴⁰ Dette er eit døme på korleis NS var med i evakueringsarbeidet, og NS var faktisk ganske involvert i Finnmark. Til dømes organiserte dei bilkolonnar frå Kirkenes til Tromsø, og evakueringstransport med skip frå Kirkenes. Eg kjem ikkje til å gå nærmare inn på evakueringsarbeidet til NS her. Poenget her er å vise at dei var ein del av dette arbeidet.

Avslutning

Evakueringskontoret sitt arbeid, handlingsrom og forhold til NS-styret, er noko som heng tett i hop. Ragnar Hansen vart innsett som innkvarteringssjef for det sivile luftvern av Gard

³⁹ «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.,» s. 17.

⁴⁰ «RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5.,», 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

Holtskog, ein NS-mann. Det kjem ikkje fram kvifor Hansen vart utpeika til denne stillinga, men det er rimeleg å anta at ein visste at Hansen hadde dei evnene ein trong i ein slik jobb. Det kan godt hende han var godt kjend for sine organisatoriske evner. Då tyskarane ville evakuera Tromsø, var det kanskje eit enkelt val å utpeike den personen som NS allereie hadde vald for ei større organisatorisk stilling. Hansen fann jo også ut sjølv at stillinga som evakueringssjef for Tromsø var ei plikt han ikkje kunne unndra seg. Han følte nok det same når Finnmark og Nord-Troms skulle evakuerast. Etter kvart som Hansen fekk meir og meir ansvar, auka også handlingsrommet til evakueringskommisjonen. Då det vart klart at ein hadde sett i gong frivillig evakuering av Finnmark, tok Hansen på seg alt ansvar for dei evakuerte. Dermed stod evakueringskommisjonen også ganske fritt til å gjere den jobben dei ville, utan innblanding og forstyrningar. Men, det var gjennom kontakt med NS at Hansen fekk dette handlingsrommet.

I etableringsfasen for evakueringskommisjonen var Hansen veldig ivrig på å få sjalta ut alle NS-folk i kommisjonen Han hadde også gjort det klart på eit tidleg tidspunkt at han ikkje ville ha nokon form for innblanding, då han ikkje ville at politiske motsetnadar skulle øydelegge arbeidet. Det er tydeleg at Hansen ikkje ville ha NS-folk i kommisjonen, og det er kanskje noko han har prøvd å framheva endå meir i rapporten. Det kjem likevel aldri fram noko om at han prøvar å minske kontakten med NS-styret, slik at han fekk mindre å gjere med til dømes fylkesmann Marcus Bull og Lippestad. Og det er nok her ein finn nok kjernen i forholdet mellom Ragnar Hansen og NS-styret: Det måtte vere kontakt, ein form for samarbeid, for at evakueringskommisjonen skulle få gjort noko som helst.

Det reint praktiske arbeidet med evakueringa var delt mellom fleire partar. Sjølve evakueringstransporten var det evakueringskommisjonen, NS og folk sjølv som stod for. Sjølv om evakueringskommisjonen organiserte både evakueringstransportar og alt arbeidet i Tromsø, hadde dei ikkje komen veldig langt utan dei 500 medarbeidarane i byen. Henting av evakuerte frå båtar, transport og lagring av bagasje, matlaging og helsestell hadde vorte veldig vanskeleg dersom ein ikkje hadde hatt desse 500 medarbeidarane å hjelpe seg med.

«Dugnadsanden» var stor i Tromsø hausten 1944, noko som sannsynlegvis har bidratt til at evakueringa gjekk så bra som den gjorde.

Litteraturliste

Eriksen, Knut Einar, og Terje Halvorsen. *Frigjøring*. Oslo: Aschehoug, 1987.
Fosnes, Wilhelm. "Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring." Oslo: <W. Fosnes>, 1974.

- Hansen, Ragnar A. "Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943 - 28. april 1945.", 1946.
- Pedersen, Gunnar. *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*. Tromsø: Tromsø kommune, 1995.
- "RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5.," 1945-1947.
- "Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.". Tromsø: Statsarkivet, 1945.